

Vedtekt for  
**Ung kyrkjesong Bjørgvin**  
**Ung kirkesang Bjørgvin**

Vedteke på årsmøte 12. april 1997  
Revisjonsforslag til årsmøte 2014

**§ 1 NAMN**

- 1.1 Namnet på organisasjonen er Ung kyrkjesong Bjørgvin - Ung kirkesang Bjørgvin.
- 1.2 Ung kyrkjesong Bjørgvin er regionledd i Ung kyrkjesong.

**§ 2 FORMÅL**

- 2.1 Ung kyrkjesong Bjørgvin har som formål å bevare og fornye kyrkjesongen og arbeide for at barn og unge får opplæring i song, kyrkjemusikk og liturgi.
- 2.2 Ung kyrkjesong Bjørgvin skal drive trusopplæring, vaksenopplæring og studiearbeid.

**§ 3 DEMOKRATI**

- 3.1 Ung kyrkjesong Bjørgvin er ein demokratisk organisasjon som arbeider for å fremje medlemmane si deltaking og innflyting i organisasjonen, i kyrkja og i samfunnet.
- 3.2 Ung kyrkjesong Bjørgvin består av medlemskor i Bjørgvin bispedømme.

**§ 4 MEDLEMSKAP**

- 4.1 Ung kyrkjesong Bjørgvin organiserer barne- og ungdomskor og andre lag som syng og spelar i kyrkjeleg samanheng.
- 4.2 Medlemmene av Ung kyrkjesong Bjørgvin kan være medlemmer, leiarar og andre som er tilslutta lag og kor, som nemnt i §4.1, som arbeidar i samsvar med §2.
- 4.3 Einskildpersonar teiknar medlemsskap gjennom lag i Ung kyrkjesong Bjørgvin.  
Individuell betaling av årskontingent konstituerer medlemskap.
- 4.4 Lag i Ung kyrkjesong Bjørgvin skal være demokratisk oppbygde og skal sikre alle medlemmer over 15 år demokratiske rettar og plikter. Det skal arbeidast for at alle medlemmer, også dei som er yngre enn 15 år, får innflyting, til dømes gjennom å bli tekne med på råd, foreldrestyre, e.l.
- 4.5 Medlemskap blir oppretta ved at laga sender innmelding med vedtekt, oversyn over styre og betalande medlemmer i laget til sekretariatet i Ung kyrkjesong. Alle lag skal ha styre valt av og blant medlemmene, eventuelt blant foreldra til medlemmer under fylte 15 år.

**§ 5 KONTINGENT**

- 5.1 Medlemskontingen til Ung kyrkjesong Bjørgvin og til Ung kyrkjesong sentralt blir fastsett av Landsmøtet i Ung kyrkjesong.
- 5.2 Laga krev inn kontingent frå medlemmene.

- 5.3 Sentral kontingen skal krevjast inn for kvart medlem ein gong kvart kalenderår, og skal vidarebetalast saman med stiftskontingen til sekretariatet i Ung kyrkjesong innan 1. november.
- 5.5 Medlemslag leverer medlemslister med namn, adresser og fødselsdato for kvart medlem samtidig med at forbundskontingen blir betalt.

## § 6 LEIINGA I FORBUNDET

- 6.1 Ung kyrkjesong Bjørgvin vert leia av:
  - A. Årsmøtet
  - B. Styret

### § 6 A ÅRSMØTET

6.A.1 Årsmøtet er Ung kyrkjesong Bjørgvin sitt øvste organ. Det er ordinært årsmøte kvart år. Årsmøtet er sett saman av representantar frå medlemskora samt medlemmene i styret.

6.A.2 Styremedlemmene i styret deltar ikkje i årsmøtet si handsaminga av Ung kyrkjesong Bjørgvin sine årsmeldingar og årsrekneskap utover det å gi svar og komme med supplerande opplysningar til desse sakene når det er nødvendig. Elles deltar styremedlemmene i årsmøtet med tale-, forslags- og røysterett.

6.A.3 Kvart medlemslag kan sende 2 representantar til årsmøtet:

Kvar representant har 1 stemme.

Styret i kvart medlemslag skriv ut fullmakt for sine representantar. Fullmaktene skal være innlevert til styret før opninga av årsmøtet.

- 6.A.4 Dato for ordinært landsmøte blir fastsett av styret og blir kunngjort for medlemskora innan 3 - tre - månader før møtedato.
- 6.A.5 Innkalling skal sendast til medlemslag minst 4 veker før årsmøtet. Med innkallinga følgjer bl. a.:
  - a) sakliste
  - b) styret si årsmelding
  - c) rekneskap
  - d) valnemnda sitt forslag
  - e) Ung kyrkjesong Bjørgvin sitt handlingsprogram
  - f) budsjett
  - g) andre saksdokument
- 6.A.6 Ønskjer medlemmene i Ung kyrkjesong Bjørgvin spesielle saker handsama på Årsmøtet, blir sakene fremja gjennom medlemslaga. Slike forslag må være komne til Styret seinast 2 månader før årsmøtet.

Når det gjeld forslag til endring i vedtekta, gjeld i tillegg § 10.

- 6.A.7 Ordinært årsmøte fungerer etter særskilt vedteken "forretningsorden", og skal bl. a. behandle:
  - a) styret si årsmelding
  - b) revidert rekneskap
  - c) Ung kyrkjesong Bjørgvin sitt handlingsprogram
  - d) budsjett

- e) val av 5 styremedlemmer og 2 varamedlemmer til styret
- f) val av leiar og 2 medlemmer til valnemnda.
- g) val av revisor
- h) kontingentsaker
- i) andre saker, jfr. bl.a. pkt. 6.A.6

**6.A.8 Årsmøtet vel fem styremedlemmer og to varamedlemmer i prioritert orden.**

Funksjonstida for varamedlemmene er 1 år.  
Funksjonstida for styremedlemmene er 2 år, likevel slik at 1. gong (På årsmøtet i 1997) velges 2 medlemmer for 1 år og 3 medlemmer for 2 år.

## EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

**6.A.10 Ekstraordinært årsmøte blir innkalla dersom minst 15 medlemslag eller styret krev det. Fastsetjing av møtedato skjer av styret, likevel slik at ekstraordinært landsmøte vert halde seinast 2 månader etter at krav om det er handsama av styret.**

Når det gjeld representasjon m.v. gjeld reglane for ordinært årsmøte, så langt dei måtte passe også for ekstraordinære årsmøte.

## § 6 B STYRET

**6.B.1 Styret er Ung kyrkjesong Bjørgvin sitt høgaste organ i perioden mellom årsmøta, jfr. pkt. 6.A.1.**

Styret sine medlemmer og varamedlemmer skal veljast blant medlemmene i Ung kyrkjesong Bjørgvin. Valperioden for leiar og styremedlemmer er 2 år.

Styret er sett saman slik:

5 medlemmer  
2 varamedlemmer

**6.B.2 Styret, som konstituerer seg sjølv med leiar, nestleiar og arbeidsutval, skal halde regelmessige møte.**

**6.B.3 Styret**

- a) koordinerer arbeidet i forbundet,
- b) representerer Ung kyrkjesong Bjørgvin
- c) førebur årsmøta og gjennomfører årsmøtet sine vedtak
- d) oppnemner nødvendige underutval for bestemte oppgåver
- e) fremjar gode kontaktar til kyrklelege organ og andre samarbeidsparter
- f) handsamar og legg fram årlige budsjett

**6.B.4 Det blir ført møteprotokoll for alle møte i styret og underutval. Protokollar vert utsende til møtedeltakarane umiddelbart etter møta, og godkjendt av møtedeltakarane innan 10 dagar etter at møtet er halde.**

**6.B.5 Godkjende protokollar frå styret blir sende til styrets medlemmer, valnemnda og medlemskora, samt til sekretariatet i Ung kyrkjesong.**

## § 7 SAKSHANDSAMING I STYRET

**7.1 Styret kan ta avgjerder når minst halvparten av medlemmene er til stades.**

**7.2 Styret gjer vedtak i alle saker med vanlig fleirtal. Ved likt stemmetal har leiar/møteleiar dobbelt stemme.**

## § 8 MEDLEMSKORA

- 9.1 Medlemskora tilslutta Ung kyrkjesong Bjørgvin skal:
- leiaast av:
    - årsmøtet
    - stiftstyret
  - arbeide for stiftet sine medlemmer, jfr. § 2, i samsvar med Ung kyrkjesong Bjørgvins formålsparagraf
  - utarbeide og vedta vedtekt i samsvar med Ung kyrkjesong Bjørgvin si vedtekt.
  - velje representantar til årsmøtet, jfr. pkt. 6.A.3
  - sende årsmelding, rekneskap og årsmøtereferat til styrets innan 2 månader etter at det er halde årsmøte.

## § 10 VEDTEKTSENDRINGAR

- Forslag til vedtektsendringar kan fremjast av styret eller medlemskora. Forslag til vedtektsendringar må fremjast innan 1. november, året før årsmøtet.
- Styret sender innkomne forslag, jfr. pkt. 10.1, med eventuelle merknader til medlemskora til uttale. Eventuelle fråsegner må være styret i hende seinst 2 månader før årsmøtet.
- Vedtektsendringar krev minst 2/3 fleirtal av dei avgitte stemmer på årsmøtet.

## § 11 OPPLØYSING

- Eventuelt forslag om Ung kyrkjesong Bjørgvins oppløysning skal handsamast på to ordinære landsmøte - og krev minst 2/3 fleirtal av dei avgitte stemmer på begge møte.

## § 12 AKTIVA

- I tilfelle forbundet blir oppløyst, fungerer Landsstyret i Ung kyrkjesong som interimsstyre for Bjørgvin Ung kyrkjesong.
- Er det ikkje innan 10 år oppretta eit nytt Ung kyrkjesong Bjørgvin, blir midlane nytta til barne- og ungdomskorarbeid i Bjørgvin.